



Årsmelding 2005

I 2005 har Sauherad Historielag hatt dette styret:

Styremedlemmer:	Bjørn Holta	valgt 2005 - 1 år
	Arnt Håtveit	" 2005 - 2 år
	Kittil Prestholdt	" 2005 - 2 år
	Gunhild Haugerud	" 2004 - 2 år
	Nils Olav Haugen	" 2004 - 2 år
Varamedlemmer:	Nils Leidulf Nerisrud	" 2005 - 2 år
	Torkild Lønvik	" 2004 - 2 år
	Bjørn Holta har vore leiar, mens kasserer var Nils Leidulf Nerisrud.	
Revisorar/valnemnd:	Einar Kleivrud og Lars O. Haugen.	

Laget har ved årsskiftet 31 medlemmer. Av desse er det 6 familiemedlemmer. Laget har ikkje dreve aktiv medlemsverving, men laget er åpent for alle interesserte.

Kontingenten er uendra fra førre år: kr. 100,-/medlem, kr. 150,-/familiemedl.

Årsmøtet for 2004 var på Sauherad folkebibliotek, Gvarv den 23. 02. 2005.

Det er vidare avholdt 2 styremøter, 2 medlemsmøter og ein sommartur.

Sundag 22. mai var nokre av lagets medlemmer med på ein mykje interessant tur til nedlagte husmannsplassar i Holtsås med Olav Klever og Einar Kleivrud som kjentmenn og omvisarar.

Sundag 5. juni hadde me vår tradisjonelle sommartur til Brekkeparken i Skien. Dei som var med på turen gav uttrykk for at me hadde hatt ein trivelig og interessant dag.

Onsdag 7. september arrangerte laget medlemsmøte for å markere 100 år etter unions-oppløysinga fra Sverige. Kjell Aasen fra Nissedal var ein dyktig foredragshaldar, dessutan hadde laget samla ein del lokale ting fra 1905.

Møtet var kome i stand i samarbeid med Sauherad kommune.

Onsdag 9. november hadde laget eit mykje godt besøkt åpent møte på Akkerhaugen Sambruksanlegg der Magne Kortner kåserte og viste lysbilder fra Sauheradffella.

I tillegg til desse aktivitetane har styret vore engasjert i, og teke kontakt med personar i bygda i arbeidet med registrering av kulturminner langs vassdraget i samarbeid med kommunen.

Gunhild Haugerud har vore lagets representant til Sauherad lokalhistoriske arkiv, mens Nils Olav Haugen har representert laget i drivarstiftelsen for Evju Bygdetun.

Akkerhaugen, den 11. februar 2006

Styret v/formannen

Sauherad Historielag - referat fra årsmøtet den 1. mars 2006.

Sauherad Historielag avholdt årsmøtet for 2005 den 1. mars 2006. Det møtte 10 medlemmer, herav 2 familiemedlemmer.

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med sakliste, årsmelding for 2005 og styrets framlegg til årsplan for 2006 datert 11. februar 2006 var i god tid sendt samtlige medlemmer.
Innkalling og sakliste blei samrøystes godkjent.

Sak 2. Val av møteleiar

Formannen blei enstemmig valgt til møteleiar.

Sak 3. Årsmelding for 2005

Formannen las opp årsmeldinga for 2005. Det kom fram ei presisering av kontingenten for familie, ikkje familiemedl. (Medl. blei stroke)
Årsmeldinga blei samrøystes godkjent med ovannemnte endring.

Sak 4. Rekneskap for 2005

Revidert årsrekneskap for 2005 blei lagt fram. Dette viser eit årsoverskott på kr. 7228,41. Rekneskapen viser elles sum bankinnskott, kontanter o.l. samla på kr. 25.451,59.

Rekneskapen for 2005 blei samrøystes godkjent utan merknad

Sak 5. Budsjett for 2006

Budsjettet for 2006 viser ein omsetnad på kr. 4.500,-, med eit budsjettert overskott på kr. 2.100,-. Årsmøtet endra framlegget "utgifter turer/møter" fra kr. 1.000,- til kr. 2.000,-. Budsjettert overskott blir da kr. 1.100,-.
Med denne endringa blei budsjettet for 2006 samrøystes godkjent

Sak 6. Årsplan/arbeidsplan for 2006

I tillegg til framlagt årsplan blei fylgjande framlegg tatt opp:

- besøk ved dei gamle rivefabrikkene i bygda (Øya og Fossheim)
- orientering om det gamle kornmagasinet i bygda

Med desse framlegga blei årsplanen samrøystes godkjent

Sak 7. Val

Iht. vedtektene skal årsmøtet velgja formann for eitt år, 2 styremedlemmer for 2 år, 1 varamedlem til styret for 2 år og revisorar. Etter framlegg fra valkomiteèn blei desse valgt:

- a) Bjørn Holta attvalgt som leiar for eitt år
- b) Gunhild Haugerud og Nils Olav Haugen attvalgt som styremedlemmer for 2 år.
- c) Torkild Lønvik attvalgt som varamann til styret for 2 år
- d) Formannen gjorde framlegg om attval av Einar Kleivrud og Lars O. Haugen som revisorar/valkomite. Dei blei samrøystes attvalgt.

Eventuelt

Det blei reist spørsmål om kva for planer som ligg føre om den gamle gravplassen "Bloms Løkke" i Sauherad. Formannen fekk i oppdrag å sende ein forespurnad til kommunen og be om ein avklaring.

*Årsmøtet drøfta vidare opplegget for registrering og merking av husmanns-
plassar i kommunen. Olav Klever orienterte om kva som er gjort i Sunds krins
og måtar registreringa er gjort på. Det kom framlegg om å ta kontakt med
turlaga i kommunen for eit mogleg samarbeid.
Styret vil arbeide vidare med saka.*

Etter årsmøtet var det triveleg samvær med kaffe og kaker.

Bjørn Holta (ref.)

ÅRSPLAN FOR 2006

Styret legger fram denne arbeidsplan for året 2006:

- April: Besøk og orientering i Sauherad kyrkje*
- Juni: Busstur til Bergverksmusèet og sølvgruvene på Kongsberg.*
- August: Kveldstur til Krokmannevu. Orientering om gamle funn i området*
- Oktober: Gruvedrift i Sauherad i gamle tider.
Orientering av fagfolk fra Norsk Bergverksmuseum*

Laget vil arbeide vidare med prosjektet om kartlegging av kulturminner langs vassdraget i samarbeid med Sauherad kommune.

Ein vil òg, i samarbeid med Sauherad og Nes Bygdekvinneag, forsøke å arbeide med registrering av gamle husmannplassar i kommunen.

DERSOM ARBEIDET SKAL LYKKAST ER DET BEHOV FOR FLEIRE MEDLEMMER TIL Å TA EIT TAK.

Styret v/formannen